



Ein av modellane på utstillinga. Bilsejarane Asbjørn Anfinsen(stående) og Frode Thorsen innfeldt.

Tirsdag førstkommande kan ein fort komma til å tru at SPAR-butikken vår har ekspandert ytterlegare, og har utvida vareutvalget sitt til å gjelda personbilar. Det stemmer nok ikkje. Derimot er det gjester frå nabobygda og Dimmelsvik Bilsalg som har tatt med seg nokre av sine modellar og har dei utstilt ved SPAR denne dagen.

Utstillinga vil vara frå kl.10 til kl. 14, og bilfirmaet har med seg nye bilar; - ulike modellar av såkalla volumbilar. Dimmelsvik Bilsalg tilsette nyleg ein ny seljar, Frode Thorsen, slik at seljarstaben no består av Thorsen i tillegg til Asbjørn Anfinsen. Truleg vert begge med til Uskedalen, og dermed skulle det liggja til rette for at bilinteresserte kan få både ein god bilprat og ein prøvekjøringstur.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.